

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 18. oktober 2018

Tidspunkt: kl 1000 – 1300

Som medlemmer møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Edel K. Goksøyr, Margaret Leinebø (f.o.m. sak S38/18) og Anne Holstad

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Truls Håbakk og Ole Andreas Sæther

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal (heile møtet) og Jostein Husøy (Sakene S38/18 og S39/18)

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr. S34/18 – S41/18

Vedtakssaker:

SAK NR S34/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S35/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 12. SEPTEMBER 2018

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 12. september 2018 vart godkjend og signert.

SAK NR S36/18 GODKJENNING AV REKNESKAPET PR. 31. AUGUST 2018

Vedtak, samr.:

Styret er fornøgde med tala så langt i år og vedtar tertialrekneskapet pr. 31. august 2018 - med eit overskot på renovasjonen på kr 2.069.000 og totalt kr 1.928.000.

SAK NR S37/18
GODKJENNING AV PROGNOSE FOR 2018

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande, der prognosen for 2018 syner eit underskot på kr 571.000 på renovasjonsdelen og kr 90.000 på slamdelen – totalt kr 661.000. Styret ønskjer at det blir utarbeidd ei ny prognose til telefonstyremøtet 31. oktober 2018.

SAK NR S38/18
BUDSJETT OG GEBYRREGULATIV 2019

Vedtak, samr.:

Styret utset vedtak om budsjettet og gebyrregulativet for 2019, og tar dette igjen på telefonstyremøtet 31. oktober 2018. På det møtet vil styret tilrå at representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2019. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra for endeleg vedtak der.

SAK NR S39/18
ØKONOMIPLAN 2019 – 2022

Vedtak, samr.:

Styret utset vedtak om den framlagde økonomiplanen for perioden 2019 – 2022 til telefonstyremøtet 31. oktober 2018. På det møtet vil styret tilrå at representantskapet vedtar økonomiplanen for perioden 2019 – 2022.

Orienterings-/drøftingssaker:

SAK NR S40/18
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg orienterte om følgande:

- Lønnstala pr. oktober 2018.
- Status for Saunesmarka 2.
- Status for biogass.
- Status for selskapskontrollen.
- Status for innføring av fraksjonen matavfall.
- Status for strategiprosessen og styremøte i januar 2019.

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

SAK NR S41/18
SAKENE TIL MØTET I REPRESENTANTSKAPET 15/11-2018

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 18. oktober 2018

George Fulford
styreleiar

Håkon Vestnes
nestleiar

Edel K. Goksøyr

Margareth Leinebø

Anne Holstad

Einar Heimdal
dagleg leiar